



Kristine Myksvoll  
Storsteinen 19 A  
5911 ALVERSUND

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 19/3038 - 19/33338

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
14.11.2019

## Svar på førespurnad om førehandskonferanse - gbnr 134/177 m.fl.


**Tiltak:**

**Byggjestad:** Gbnr 134/177,178,414  
**Tiltakshavar:** Kristine Myksvoll

Vi viser til førespurnad om førehandskonferanse for eigedomane gbnr 134/177, 134/178 og 134/414 mottatt 05.11.2019.

Eigedomen gbnr 134/177 og 134/178 ligg i område som i kommunedelplanen for Knarvik – Alversund med Alverstraumen 2019 – 2031 er avsett til byggjeområde for bustadar. Kommunedelplanen vart godkjend av kommunestyret i vedtak datert 15.10.2019. Sørvestre hjørnet av gbnr 134/177,178 ligg innanfor reguleringsplanen Haghaugen der arealet er avsett til privat felles veg og anna veggrunn.

Eigedomen gbnr 134/414 ligg dels innanfor reguleringsplanen Haghaugen der arealet er avsett til privat felles veg, fortau og anna veggrunn, og dels innanfor reguleringsplanen Vindkallen der arealet er avsett til anna uteopphaldsareal, sjå kartutsnitt som viser regulert område.



Eablering av tiltak på eigedomane må skje i samsvar med vedtekne planar. Dvs. at gbnr 134/414 skal byggjast ut i samsvar med arealføremåla i reguleringsplanane Haghaugen og Vindkallen. Gbnr 134/177 og 134/178, som er å rekna som ubygd, er avsett til bustadføremål, men kan ikkje byggjast ut før det ligg føre godkjend reguleringsplan, jf. føresegn 2.2 i kommunedelplanen. Utarbeiding av reguleringsplan for området må skje i privat regi.

På grunn av rekkjefølgjekrav til mellom anna infrastruktur i andre planar i området og at eigedomane dine ligg innanfor eit større byggjeområde i kommuneplanen med potensiale for vidare utbygging, vil utbygging av gbnr 134/177 og 134/178 ikkje koma inn under unntaksreglane for krav om reguleringsplan ved fortetting i byggjeområde slik det går fram av føresegn 2.2.1 i kommuneplanen. Det vil ikkje bli gitt dispensasjon frå plankravet.

På bakgrunn av dette vurderer vi at det ikkje er føremålstenleg å gjennomføra førehandskonferansen.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Kristine Myksvoll	Storsteinen 19 A	5911	ALVERSUND
-------------------	------------------	------	-----------

**Mottakarar:**

Kristine Myksvoll	Storsteinen 19 A	5911	ALVERSUND
Yvonne Remme	Storlinna 19	2760	BRANDBU